



Nav Lindås
Nav Meland
Nav Radøy

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Elektronisk post til Nav Alver

I år sender Fylkesmannen i Vestland post elektronisk til Nav Meland, til det organisasjonsnummeret som vi har fått oppgitt, medan vi sender per brevpost til Nav Lindås og Nav Radøy. Dette brevet vert berre sendt elektronisk, og breva til Nav Lindås og Nav Radøy vert sendt til dei kommunale postmottaka i Lindås og Radøy.

Fylkesmennene skal sende post til kommunar og kommunale verksemder elektronisk, og dette gjeld også post som er unnateke offentlegheit. Vi sender elektronisk post på tryggleiksnivå 3 til Altinn. Tryggleiksnivå 3 krev innlogging med verksemdssertifikat eller MinID (via ID-porten). Kommunane må sjå til at tilsette som handterer post til Nav har tilstrekkeleg kompetanse til å handtere dokument som er unnateke offentlegheit.

Ved komande årsskifte vert Lindås, Meland og Radøy slått saman til Alver kommune, og vi legg til grunn at Nav-kontora også vert slått saman. Vi ber om at de orienterer oss om til kva organisasjonsnummer vi skal sende post til Nav Alver. Det er ønskjeleg at de også informerer oss om brevpost-adresse og epost-adresse til Nav Alver. Dersom Nav-kontora ikkje er rett instans til å svare, ber vi dykk vidareformidle førespurnaden vår til rett instans.

Vi ber om at de merkar svaret med vårt referansenummer 2019/1613

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarliste:

Nav Lindås	Kvernhushaugane 2	5914 Isdalstø
Nav Meland	Postboks 44	5906 Frekhaug
Nav Radøy	Postboks 43	5931 Manger